



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Alver - (Lindås) - 195/88 - Leiknes - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 03.09.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8, LNF-formål og bruk og vern av sjø og vassdrag i arealdelen av kommuneplanen for Lindås for ovanfor nemnde tiltak.

Det vart gjeve avslag på søknad om oppføring av flytebrygge i delegert vedtak datert 18.12.2019, sak 19/1937, i tidlegare Lindås kommune. Vedtaket vart klaga på av advokat på vegne av tiltakshavar i brev datert 06.01.2020.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune gav i vedtak datert 29.04.2020, i sak 058/20, dispensasjon for flytebrygge. Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev motteke 26.05.2020.

I brev datert 30.06.2020 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av tiltaket etter forvaltningslova § 42.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 02.09.2020, der Alver kommune sitt vedtak datert 29.04.2020 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ronald Clark Baird Storheia 2 5239 Rådal
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG